



Notat

Dato: 13.06.2017
Arkivsak: 2014/15627-37
Saksbehandlar: arvaasl

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Spørsmål i fylkesutvalet 23.05.17 - innfartsparkering

I møteboka frå fylkesutvalet 23.05.17 er det teke inn følgjande spørsmål frå Silje Hjemdal (Frp):
«I 2015 vedtok fylkestinget en ambisiøs strategi for innfartsparkering fram mot 2030. Nå har man innført både køpris og mulighet for beredskapstakster. Dette oppleves som bare pisk for dem som er avhengig av å kjøre bil. Derfor er det svært viktig at HFK nå følger opp innfartsparkeringsstrategien for at det skal bli realistisk for en del bilister å parkere for å bruke kollektiv fremkomstmiddel. Snart er det ny høst og vinter, dette gjør at videre fremdrift forventes.

Spørsmål:

Hva er status for fremdriften for å oppfylle strategi for innfartsparkering?
Hvilke konkrete både midlertidige og permanente parkeringer er under planlegging/bygging?»

Svar:

Etter «Strategi for innfartsparkering fram mot 2030» blei vedtatt på fylkestinget i mars 2015 er mellom anna følgjande tiltak satt i verk:

- Kartlegging og oppfølging av eksisterande innfartsparkeringar.
- Nytt anlegg for innfartsparkering blei opna på Birkelandsskiftet i samband med Bybanen byggetrinn 3. Anlegget har kapasitet på 260 nye plassar for bil, 21 nye plassar for motorsykkel og om lag 50 plassar for sikker sykkelparkering.
- Hausten 2016 vart det innført tiltak på anlegget ved Storavatnet/Godviksvingane til å bli rein innfartsparkering for å få ei betre regulering for kollektivreisande.
- Mellombels innfartsparkering har blitt etablert på tomta for den framtidig vidaregåande skuletomta ved Horisont i Åsane
- Det har blitt inngått leigeavtale om 32 plassar for innfartsparkering i Skogsskiftet i Sund kommune.
- Eksisterande avtalar om leige av plassar for innfartsparkering er forlenga.
- Opning av sykkelparkeringshus på Nesttun ved bybanestoppet og i Åsane ved bussterminalen
- Det er starta opp eit arbeid for få etablert mellombels innfartsparkering på C-tomta i Åsane (188 nye plassar)
- Saman med Fjell kommune er det planar om å etablere eit nytt anlegg for innfartsparkering ved den nedlagde barneskulen ved Fjell kyrkje (om lag 50 nye plassar)

- Styrka innfartsparkering i tilknytning til Frekhaug kai (investeringsbidrag til kommunalt prosjekt omlag 50 nye plassar)
- Saman med Fjell kommune vil ein etablere eit anlegg for sikker sykkelparkering

Det blir og arbeidd med:

- Betre oppmerking og skilting på eksisterande anlegg.
- Gjennomføre mindre fysiske oppgraderingar av anlegga. Eit konkret døme er å utvida utkøyninga ut frå parkeringshuset i Birkelandsskiftet.
- I samband med arbeidet med å auke kapasiteten på talet bussplasser på Åsane terminal vil ein ta bort 46 eksisterande parkeringsplassar for innfartsparkering. Imidlertid vil ein etablere 71 nye parkeringsplassar slik at det blir totalt sett 26 fleire plassar i tilknytning til terminalen når tiltaket er ferdig. Statens vegvesen vil starte dette arbeidet i løpet av hausten.
- Det er og under planlegging ei utviding av anlegget for innfartsparkering på Flatøy som skal realiserast som ein del av Nordhordlandspakken.
- Det pågår og arbeid med å avklare den framtidige situasjonen for innfartsparkering på Kleppestø og i Knarvik.

Fylkesrådmannen har og starta opp eit arbeid med å utarbeide ein handlingsplan for innfartsparkering. Handlingsplanen skal følgje opp strategidokumentet for innfartsparkering som blei vedteke av fylkestinget i mars 2015. Dette er teke opp i budsjettokumentet for 2017 og er foreslått som eige tiltak i forslaget til Regional transportplan som er til handsaming til fylkestinget i juni.

Sentralt i arbeidet med å utarbeide og følgje opp handlingsplanen er at fylkesrådmannen har tilsett ein prosjektleiar for innfartsparkering. Prosjektleiaren er i ferd med å utarbeide ein handlingsplan som skal vere grunnlag for å gjennomføre tiltak. Fylkesrådmannen vil komme tilbake med ei eiga sak til utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet om handlingsplanen.